

**KOPI****FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL**

Volda/Ørsta Reinhaldsverk  
v/Lars Petter Øye  
6150 ØRSTA

Adresse: Fylkeshuset, 6400 Molde  
Telefon: (072) 58 000\*  
Telefax: (072) 58 510

Dykkar ref.: Vår ref.:  
A-15468/88/734.1/PFB

Dato :  
18.10.1988

**ØRSTA KOMMUNE**  
**LØYVE TIL ETABLERING OG DRIFT AV OMLASTESTASJON FOR AVFALL**

Fylkesmannen gir med dette Volda/Ørsta Reinhaldsverk løyve til etablering og drift av omlastestasjon for avfall lokalisert til eit spesialområde i Hovdebygda vest for Ørsta/Volda Lufthamn Hovden. Løyvet blir gitt i medhald av Lov om vern mot forureining og om avfall (Forureiningslova) av 13.03.1981 §11.

Vi viser til søknad av 03.10.1988 fra rådgjevande ingeniør Per Mulvik A/S samt til brev av 04.10.1988 fra Ørsta kommune.

Løyvet gjeld inntil vidare og kan seiast opp med 6 månaders varsel.

Til dette løyvet blir det i medhald av Forureiningslova §16 knytt ein del vilkår, som følgjer:

1. Omlastestasjonen kan nyttast til forbruksavfall og produksjonsavfall. Mottak, lagring og vidaresending av spesialavfall kan berre skje etter at det evt. ligg føre særskilt godkjennung om mottaks-plass for spesialavfall.
2. Omlastestasjonen skal etablerast og drivast slik at drifta av anlegget ikkje medfører ulemper i form av utslepp av lukt, støy, forureina vatn eller ved forsøpling av området. Det blir føresett at det generelt ikkje skjer lagring av avfall ved stasjonen ut over den tida som er nødvendig for å fylle en container for vidaretransport til godkjent behandlingsanlegg. Avfallstyper som ikkje medfører problem som nemnt ovanfor (t.d. mindre metallsrap) kan imidlertid lagrast mellombels i spesielle containarar ved stasjonen før vidaretransport skjer.
3. Omlastestasjonen skal vere inngjerda og utstyrt med låsbar port. Opplysning om åpningstider skal finnast ved porten. Utanom åpningstida skal porten vere låst.
4. Levering av avfall frå privatpersonar og industri m.v. skal skje innafor åpningstida mot betaling etter faste satsar.
5. Omlastestasjonen skal drivast av faste operatørar.

6. Driftsinstruks for omlastestasjonen skal bli utarbeidd og oversendt til fylkesmannen til orientering. Reinhaldsverket skal syte for at operatørane til kvar tid er kjent med innhaldet i instruksen.
7. Brenning av avfall er ikkje tillatt ved omlastestasjonen.
8. Reinhaldsverket er ansvarleg for at omlastestasjonen blir bygd og drive i samsvar med vilkåra i dette løyvet og i driftsinstruksen.
9. Reinhaldsverket plikter å la representantar for forureiningsstyresmaktene eller andre etatar og institusjonar som blir gitt mynde, inspisere anlegget til kvar tid.
10. Dersom fylkesmannen finn det påkrevd, skal reinhaldsverket utføre ytterlegare tiltak etter nærmere krav. Utgifter til slike tiltak må bli dekt av reinhaldsverket.

Grunngjeving for avgjerala.

Den planlagde omlastestasjonen ligg i eit område som er regulert til spesialområde for kommunaltekn. anlegg/omlastestasjon. Områda omkring stasjonen er dels regulert som industriområde og dels som jordbruksområde. Det er ikkje bustader i nærleiken av stasjonen. Ut frå dette vil etablering og drift av omlastestasjonen som omsøkt ikkje medføre spesielle problem i området. Eventuelt sanitæravløp frå personalrom m.v. blir føresett overført til kommunalt avløpsnett.

Ørsta kommune har i sitt brev av 04.10.1988 bedt om at søknaden frå reinhaldsselskapet blir unntake kravet om førehandsvarsling, jfr. §7 i Forskrifter om saksbehandling etter Forureiningslova. Området for omlastestasjon er nyleg regulert som spesialområde (reguleringsendringa er eigenstadfesta 20.06.1988 av kommunen). Det er ikkje registrert klager eller protestar i samband med reguleringsa. Fylkesmannen finn ut frå dette å kunne unnta søknaden frå kravet om førehandsvarsling.

Løyve for etablering og drift av omlastestasjonen fritek ikkje for erstatningsansvar etter alminnelege erstatningsreglar.

Denne avgjerala kan pålagast til Miljøverndepartementet innan 3 veker frå meldinga om avgjerala er komme fram, jfr. Forvaltningslova §§28 ff. Eventuell klage bør grunngjevest og skal sendast til fylkesmannen.

Etter fullmakt

Kolbjørn Megård  
fylkesmiljøvernsjef

Per Fredrik Brun

Kopi:

Ørsta kommune, 6150 ØRSTA  
Ørsta helse- og sosialstyre, 6150 ØRSTA  
Ørsta friluftsnemnd, 6150 ØRSTA  
Volda kommune, 6100 VOLDA  
Per Mulvik A/S, Postboks 86, 6101 VOLDA  
Møre og Romsdal fylkeskommune, planavdelinga, her  
Fylkesfriluftsnemnda, her  
Statens forureiningstilsyn, Postboks 8100 Dep, 0032 OSLO 1  
Miljøverndepartementet, Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO 1